



Til organisasjonar som i 2015 søkte midlar frå ordninga «Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar på fylkesnivå»

Dato: 09.02.2016
Vår ref.: 2015/898-154
Saksbehandlar: maraskv
Dykkar ref.: «REF»

Informasjon om nye retningslinjer i ordninga "Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar"

I samsvar med Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 skal eksisterande tilskotsordningar på kulturfeltet gåast gjennom for å tilpasse dei betre til kulturlivet sine aktuelle behov og til dei vedtekne satsingane i planen.

Fylkesrådmannen har sett nærare på føremål og kriteria i ordninga *Driftstilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar på fylkesnivå*. I tråd med fylkesrådmannen la inn i budsjettframlegget, og som vedteke i sak 95/2015 i Fylkestinget 9.12.2015, skal ein no gjere ordninga sterkare knytt til medlemstal, ein skal formulere om tittelen på ordninga og tek sikte på å styrke aktivitet gjennom andre tilskotspostar.

Nye retningslinjer for ordninga *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* vart handsama av Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) i møte 19.01 (Vedlegg 1). Fylkesrådmannen sine forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

I ordninga *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* er det vedteke i KIRU at stønaden vert berekna ut i frå medlemstal, geografisk breidde, ungdomsmedverknad mv. Den summen som tidlegare vart fordelt med grunnlag i aktivitet er lagt inn i tilskotsordninga *Kulturtiltak barn og ungdom – amatør*. Desse midlane vil vere mogleg å søkje for fleire organisasjonar og aktørar. Den summen som tidlegare vart fordelt etter grunnstønad og medlemsstøtte har fått ei auke på omlag 20 %. Organisasjonane får dermed ei auke i sine frie midlar.

Slik vil dei fylkeskommunale midlane i *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* vere reine driftsmidlar og ikkje ei blanding mellom driftsmidlar og aktivitetsstøtte. Aktivitet må liggje i botnen i organisasjonen for å verte tilrådd driftsmidlar, men den skjønsmessige vurderinga vil ikkje lenger liggje til grunn for 50 % av midlane. Ettersom den skjønsmessige delen («Fri pott») er flytta frå ordninga, vert det ei kvantitativ fordeling av driftsmidlane i denne ordninga. Dette inneber at det ikkje lenger er behov for at Hordaland barne- og ungdomsråd bidreg til opplysning av saka i førebuingssfasen, jfr. forvaltningslova §17.

Søknadsfrist for *Driftstilskot til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar* er 1.april 2016. Det vert oppmoda om at den einskilde organisasjon gjer seg kjent med retningslinene før ein evt. vel å søkje midlar.

Per Morten Ekerhovd
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny Skaar
seksjonsleiar / utviklingssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.